



## ÅRSRAPPORT 2016 FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL BREHEIMEN NASJONALPARKSTYRE

11.01.2017 Statens naturopsyn  
Øyvind Angard og Liv Byrkjeland



**SNO tilsette:**

Liv Byrkjeland, Luster  
Øyvind Angard, Skjåk

**I tillegg har nasjonalparkstyret kjøpt tenester av:**

Skjåk almenning  
Lom fjellstyre  
Skjolden bygdeservice SA  
Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Jenny Bakken og Turid Gudmundson, Oddvar Vigdal, Vigdalen  
grendalag.

# **Innhald**

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon.....	4
1.1. Motorferdsel .....	7
1.2. Villrein.....	8
1.3. Informasjon .....	11
1.4. Plukking av søppel .....	14
1.5. Tilsyn med tamreindrift.....	14
2. Registrering/overvåking .....	15
2.1. Ferdselstelling- besøksstrategi .....	15
2.2. Bevaringsmål – strukturert befaring .....	16
2.3. Artsobservasjoner .....	17
2.4. Bestandsregistrering rovvilt .....	18
2.5. Kulturminne.....	19
2.6. Snøskredvarsling.....	20
2.7. Registrering av tekniske installasjoner.....	20
2.8. Tilsyn varderekke på Sognefjellet.....	21
3.Tiltak.....	20
3.1. Naturskader.....	20
3.2. Rydding i regi av SNO .....	21
<u>3.2.1. Rydding i Mørkridsdalen.....</u>	21
3.3. Tiltak frå bestillingsdialogen.....	22
<u>3.3.1. Rydding av gran på Berget i Mørkridsdalen .....</u>	22
3.3.2. Slått og haustbeite i Mørkridsdalen .....	23
3.3.3. Hogst av gråor på Knivabakkgjerdet.....	23
3.3.4. Utbetring av stiar i Mørkridsdalen .....	23
<u>3.3.5. Fjerning av tistlar på Dalen.....</u>	24

3.3.6. Hogging av Contorta / amerikansk vrifuru.....	26
3.4. Skjøtsel i Vigdalen.....	26
3.4.1. Rydding av steingarde .....	26
3.4.2. Beiteprosjekt.....	26
3.4.3. Granhogst.....	26
3.5. Skjøtsesplan for Mørkridsdalen og Mysubytta .....	27
3.6. Tiltak i Dumdalen.....	27




## 1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon


Figurane under viser oversikt over brukt arbeidstid i timer på ulike fagområde og verneområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i 2016. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) i dei store verneområda på begge sider av grensa. Det er også brukt mykje tid på tiltak og skjøtsel, registrering og overvåking i verneområde, registrering/overvåking av vilt og rovvilt og motorferdseloppsyn (sjå figur 1 og 3).

I tillegg til Breheimen og tilgrensande verneområde har SNO Luster også oppsynsansvar i små naturreservat i Luster, Gauldalen og Høyanger kommune. SNO samarbeider også med kollega og brukar ein del tid i nasjonalparkane i Reinheimen, Jostedalsbreen og Jotunheimen (sjå figur 2 og 4).


SNO har blitt organisert i fagansvar og regionar. SNO-Skjåk har fått fagansvar for motorferdseloppsyn i Oppland, medan SNO-Luster hatt fått fagansvar for myr og kultурminne i Sogn og Fjordane og arbeid med bevaringsmål i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Dermed går det også med eindel arbeidstid til dette.




Figur 1. Tal timer brukt på ulike arbeidsområde for SNO-Luster 2016.



Figur 2: SNO Breheimen-Luster sine timer brukt i ulike verneområde.



Figur 3. SNO Breheimen-Skjåk sine timer brukt i ulike verneområde.



Figur 4. Tal timer brukt på ulike arbeidsområde for SNO Skjåk.

I motsetning til 2015, så kom snøsmeltinga og sommaren tidligare i 2016.



Figur 5. Liavassosen mot Tverrådalskyrkja og Røykjeskålshøe 24. juni 2016.

### Utviklingstrekk/utfordringar

Miljødirektoratet ynskjer eit større fokus på kontroll- og tilsynsoppgåver og mindre på informasjon. Motorferdselkontroll og overvaking av rovdyr skal framleis ha høg prioritet, medan arbeid med verneområde, vilt og villaks skal nedprioriterast. Det er sett av mykje midlar til restaurering av myr i statsbudsjettet for 2017, og det må truleg setjast av SNO-tid til det.

Tiltaksbudsjettet er på same nivå som 2016.

## **1.1. Motorferdsel**

I Sogn og Fjordane har motorferdselkontroll stått høgare på dagsordenen enn tidlegare, men det har ikkje vorte avdekka noko lovbro. SNO-Luster har delteke i fellesaksjonar lenger ute i fylket der problema er større. Det har vore tett samarbeid med politi og andre SNO kollega.

Køyringa med snøscooter i Breheimen ser ut til å vere stabil, og det er observert køyrespor i same områda som i fjar: Vigdalen og Kokstad-Osen området. Det er ikkje observert noko køyrespor etter ATV i Breheimen, Vigdalen eller Mørkridsdalen. Bruken av helikopter etter løyve frå Nasjonalparkstyret er relativt høg. Nokre av løyva til grunneigarlag blir brukt til unødvendige ting som frakt av vedsekker. Dette er teke opp internt i grunneigarlaget. Nasjonalparkstyret bør vurdere om om denne typen transport er tilrådeleg.

Mange melder ifrå til SNO om når dei skal ut å køyre i tråd med løyve som er gitt, men ikkje alle gjer det. Brukarane har fått beskjed om å skjerpe seg på dette. Som fagansvarleg for motorferdsel for SNO i Oppland, har Angard gjennomført ein del arbeid i andre delar av fylket. I år har dette bestått i noko forebyggande arbeid opp mot media og samarbeidspartar, samt ein del reine motorferdselkontrollar retta mot områder/miljø som er definert som problemområder. Desse aksjonane medførte 5 anmeldelser fordelt på kjøring utan løyve, brot på motorferdselsforskrift og verneforskrift. På lik line med året før, er vi i Breheimen forskaå mot noko særleg ulovleg motorferdsel. Vi har ikkje avdekka noko ulovleg kjøring i Breheimen meed tilgrensande verneområder.

Eit område som gjev noko utfordring er Strynefjellet landskapsvernombjørg. På vårvinteren samlar villreinstamma seg på sørvestområdet i området Hellstuguvatnet-Mårådalen-Vassvenda, og dette er einaste ruta som dei tilsette på Stryn sommarskisenter kan bruke før vegen frå vest opnar. Det er uheldig for villreinen at det blir meir uro i området også etter 20.april, som skal vere sluttdatoen for snøscooterkjøring i verneområda.

Eit anna tema som dukka opp ved skisenteret, er at dei ynskjer å skysse folk opp mot Kvitlenova med snøscooter eller trakkemaskin - såkalla catskiing, noko som i seg sjølv ikkje er lov pr. i dag. Området som er tenkt brukti, ligg utanfor vernegrensene, men det vil generere ein del trafikk og folk inn i nasjonalparken.

### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- For det neste året vil det vera noko utfordring i å følgje opp utviklinga med el-sykling i verneområda. Ellers er både droner og andre motoriserte nyvinningar noko som vi har fokus på å halde auge med.
- Ha fokus på sjekking av løyve og vilkår.

## 1.2. Villrein


Villreinen er med som eitt av dei viktigaste verneformåla i Breheimen, og vi brukar difor ein god del tid på arbeid som vedkjem den.

### Registrering av områdebruk

Sno bidreg med datainnsamling med kor reinen befinn seg i store delar av året, dette er data som kjem til nytte for områdestyret også, for å fastslå når reinen er i kva område i løpet av året.

### Teljingar

21. januar gjennomførte vi i samarbeid med villreinutvalget ei minimumsteljing av villreinstammene i Breheimen og Reinheimen. På sørvest fann vi 215 dyr og på søraust fann vi 568 dyr.



Figur 6. Loggen over teljinga av villrein 21.januar

### CWD – chronic wasting disease, eller skrantesjuke.

Som kjent vart det oppdaga tilfeller av CWD i Nordfjella både i vinter og også ein bukk som vart skoten under ordinær jakt. Vi har difor hatt eit større fokus på sjukdommen. Det vart bestemt at SNO skal ha ansvar for CWD på villrein og vi vart difor kursa på å ta hjerneprøver av daude dyr i forkant av jakta, slik at vi kunne fange opp dette ved funn av eventuelle sjuke dyr (figur 7).



**Figur 7.** T.v.: Kursing av SNO-personell på uttak av hjerneprøve for testing av CWD. T.h.: Uttak av hjerneprøve frå reinsdyra som vart drepne av lyn på Hardangervidda

#### Fotråte

Det vart i haust oppdaga fotråte på ein villreinkalv i Reinheimen. I Breheimen er det enda ikkje oppdaga denne sjukdommen som kan vere dødeleg for villrein, særleg dersom dei vert angripne på fleire føter. Men det fører til at vi har eit ekstra fokus på også dette når vi er i nærleiken av reinsflokkane, for å studere dei.

#### Bukketelling

I slutten av mai vart det bestemt av villreinutvalget og grunneigarar å forsøke ei telling av villreinbukk som hadde kom over til Lom og Bøverdalen. Dette for å få ei oversikt over kor mange som trekker over om våren. Tellinga gjorde vi i samarbeid med Lom tamreinlag og Lom fjellstyre den 27. mai. Vi fann totalt 175 bukkar i alderen 1 år og eldre, ingen simler vart dokumentert.

Stad	Antal
Blåhø aust	37
Blåhø	28
Blåhø	17
Blåhø vest	11
Høyøyen	14
Geitåe	10
Høydalen/Kvandalsvoll-seter	9
Høydalen/Tøften	15
Langberget	34
<b>Sum</b>	<b>175</b>

#### Villreinjakt

Sno samarbeidar med villreinutvalget for Ottadalen om gjennomføring av oppsynet under villreinjakta både i Reinheimen og Breheimen (figur 6,7). Som før er det arrangert eit oppsynsmøte i forkant av villreinjakta, der alle oppsyn som skal fungere i jakta er med. På

dette møtet er SNO ein av bidragsytarane med det faglege opp mot oppsynskorpset. Også dei som er innleidt kun i villreinjakta brukar sno-uniformering og SNO-tenestebevis. Nytt av året var at jakta vart utvida til 14 september og at ein korridor i Lundadalen vart freda for å gje bukken rom til å kunne trekke nordover dalen uten å bli skremt over til Lomsgrua igjen. Dette har nok gjort sitt til at noko meir bukk vart skotne, og vi registrerte at storbukken kom tidlegare inn i simleflokkane i år, rundt 5-7 september. Det kan sjølv sagt vere fleire andre årsaker til at dette skjedde.

Etter jaktslutt har sentrale oppsynsfolk eit oppsummeringsmøte, der også SNO deltek.

Område	Dager felt	Timer	Kontrollerte	Informerte
Nord	37	424	38	339
Sør-Øst	11	112	8	83
Sør-Vest				
Sum	48 (50, 52)	536 (590, 595)	46 (41, 57)	422 (297, 360)

Figur 8. Statistikk på innsatsen til fast ansette under årets villreinjaktoppsyn 2016, der 2014,2015 er i parantes.

Fellingsresultatet for området vårt er 15 dyr av 15 felt på sørvest, og 141 dyr felt av 185 på sørvest. Dette gjev ein fellingsprosent på 78 for heile området, noko som må seiast å vera bra.

Ant OPS:

2 dårlig bakgrunn

2 glemt jaktkort og jegeravgiftskort i teltet

Ant. rapporter

2 rapporter; - for stort dyr, 2 dyr ett smell

Avliving skadd bukk der jeger fikk dyret på kort bukk 50

Eigne inntrykk:

Stort sett fin jaktutøvelse, jegerane er flinke til å ha med seg viktige papir. Jegerane brukar kanskje jaktradioen litt vel mykje, slik at det kan bidra til samanstimling av jegerar.

#### Utviklingsstrekk/utfordringer

Fortsatt ei utfordring å beskrive storbukken hardt nok, men løysingane med forlenga jakt og ein fredningskorridor i Lundadalen har fungert godt.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Viser til årsrapport for Villreinutvalget.

### **1.3. Informasjon**

SNO har brukt ein god del tid på informasjonsarbeid i 2016. Rundt 676 personar i Luster og 449 i Lom og Skjåk, altså totalt 1125 har blitt informert direkte av SNO i felt eller i føredrags samanheng.

#### **Barnas naturoppsy**

Barnas naturoppsy har blitt arrangert både i Luster og Lom/Skjåk i 2016. Barnas naturoppsy er eit undervisningstilbod til 6.-7. klasse der elevane hjelper naturoppsynet med å informere om viktige verneverdiar i verneområda. Barnas naturoppsy er eit stort samarbeidsprosjekt mellom SNO og forvaltarar i Langsua, Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Jostedalsbreen og Luster kommune.

På grunn av mange fådelte skular i Luster så var det berre trøng for opplegg for dei største skulane i Gaupne og Hafslo skule i år. Det var undervisningsopplegget om fugl i Hafslovatnet fuglefredingsområde som vart brukt i år fordi dette ligg nærest dei to skulane (figur 9).



Figur 9. Barnas naturoppsy på Hafslovatnet NR.

#### **Born og naturarven i Mørkridsdalen**

Det omfattande skuleopplegget som vart laga med hefte og film i 2013 vart gjettatt i 2016. Alle borna frå dei eldste i barnehagen til 7. klasse deltok. Borna førebudde seg på skulen og i barnehagen. Det var to feltdagar med overnattning på Dulsete i juni 2016. Denne gongen skulle borna vere guidar for eit ope publikum. Den første dagen var det innøving av kunnskapen som dei hadde tileigna seg på skulen og på siste feltturen hausten 2015. I tillegg var det skogrydding på Grasøy og fuglefangning på Dulsete. Alle skuleelevarane hadde kvar sin post oppover dalen der dei informerte om verneområde, vegetasjon, tradisjonsbruk, stadnamn, kulturlandskap og verteikn. Den andre dagen var det laurdag og elevane var guidar for publikum. Rundt 100 personar deltok på arrangementet. Publikum gjekk gruppevis innover dalen og fekk mykje kunnskap av elevane som stod i grupper på Hødnevollen, Fjøshaug,

Grasøy, Kakkalsgjelet, Hallingabakkane, Storatjødni, Flautjødni, Dhupatjødni, Svinatjødni, Stropet, Råsamyr i og Dulsete. Elevane vart etter kvart profesjonelt flinke og i dag er det dei som er tradisjonsbærarane i Mørkridsdalen. SNO deltok med to personar i opplæringa.

Opplegget vart filma denne gongen også, og filmen er klar for visning 14. november 2016.



Figur 10. Glimt frå skuleopplegget "Born og naturarven" i Mørkridsdalen juni 2016.

#### Informasjonspunkt på Vigdalsstolen

Dette er eit tiltak som er starta opp med bakgrunn i bestillingsdialogen med nasjonalparkstyret i fjor. Tiltaket er eit samarbeide med De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og grendalaget i Vigdalen for å lage informasjonspunkt på Vigdalsstolen om kulturlandskapet på stølen og om naturmann og lærar Hans Vigdal som budde der. Det er laga utkast til fire plakatar (sjå ukast til plakat om kulturlandskapet), men grendalaget bestemte i eit møte hausten 2016 å ikkje lage informasjonspunkt om dette likevel. Sidan tiltaket vart igangsett for å fremje samarbeidet i Vigdalen, er det viktig å høyre på kva grendalaget meinar.

## Overnattingstur i Veodalen

Her har vi eit samarbeid med Lom fjellstyre der vi i fleire år har kjørt eit opplegg i Veodalen som fokuserar på fisking, villrein og tamrein samt fangstanlegg for rein. Her får elevane i 7. kl på Loar i Lom væra med på fiskeutsetjing, fisking med garn, stong og reiv, reinsslakting med tamreinlaget, rollespel som jeger for 1000 år sidan, tilbereding av fisk på bål og overnatting ute eller i lavvo (figur 11,12).



Figur 11. Lavvoelir i Veodalen.



Figur 12. Rensking av fisk frå prøvefisket.

## Barske glæder

I samarbeid med Norsk fjellsenter og mange andre aktørar, arrangerte vi også i år, barske glæder i Presthaugen (figur 13). Der får alle 5.klassene frå Ottadalen vera med ein heil dag ute der vi tek dei med på alt frå bålfyring, sanseløype, lassokasting, steiking av bålmat og mykje anna. Dette er eit arrangement som skulane set stor pris på.



Figur 13. Barske glæder

#### *Utviklingstrekk/utfordringer - forslag til oppfølging*

Økonomiske innstrammingar i Miljødirektoratet har ført til at informasjonsarbeidet til SNO skal nedprioriterast. Det har kome meldingar om at Barnas naturoppsyn ikkje skal gjennomførast i 2016, og at alt informasjonsarbeid skal nedtonast. Det er ei utfordring for SNO å legge ned viktig førebyggjande arbeid, og at igangsette prosjekt skal avsluttast.

Aktuelle tiltak i 2017:

- Forankre igangsette tiltak i skulesystem og informasjonssenter

#### **1.4. Plukking av søppel**

I år har vi vidareført prosjektet om opprydding på Strynsfjellet, der vi nesten har kome i land med det prosjektet. Vi ryddar gamle telefonstolpar, jernstag og tlf. line og har att berre ein liten stubb mot Strynegrensa før vi er ferdige på den kanten. Vi ryddar også alt av søppel vi kjem over andre stader i verneområda, slik som mellom anna i grottene.

#### *Utviklingstrekk/utfordringer – forslag til oppfølging*

- Satsar på å verte ferdige med oppryddinga på Strynsfjellet i 2017.

#### **1.5. Tilsyn med tamreindrift**

Samarbeidet med tamreinlaget går bra, vi treffes av og til i fjellet den tida dei har reinen sin i Breheimen. Villreinen kom heller ikkje i år over til Lom medan tamreinen beitte der, slik at dette ikkje medførte noko ekstraarbeid for å hindre samanblanding. Tamreinen beitte i første delen av mars noko over på Skjåk sitt område i Lomseggen, nærmare bestemt i området rundt Åndfjellet. Tamreinlaget vart kontakta av grunneigar og vart bedne om å ha over reinen sin til konsesjonsområdet som ligg i Lom. Det var ikkje nokor fare for samanblanding med villrein, då den gjekk på andre sida av Lundadalen mot Tverrfjellet og Grjotådalen (figur 14).



Figur 14. Tamrein i Breheimen

#### *Utviklingstrekk/utfordringar –forslag til oppfølging*

- Fortsetja dialogen med aktørane i området, og ta sporadiske turar i grensefjella mellom vill- og tamrein, spesielt i den siste tida tamreinen beiter i Lomseggen for å følgje med på kor nære flokkane (vill og tam) er kvarandre.
- Det er også viktig at villreinforvaltninga og tamreindrifta har nært samarbeid, pga desse sjukdomane vi før har nemnt (CWD og fotråte).

## 2. Registrering/overvåking

### **2.1. Ferdselstelling- besøksstrategi**

I år har vi foreteke ferdselsteljingar på desse plassane: Dumdalen, Mørkridsdalen og Heillstuguvassosen. Enkle tal frå teljarane kjem her, det blir laga ein noko meir nyansert rapport til verneområdestyret etter kvart.

Dumdalen	Inn	Ut	Totalt
2009 (26/6-6/10)	4282	1650	5932
2010 (16/7-22/10)	4955	2366	7321
2011 (6/6-11/10)	2747	2296	5043

<b>2012 (6/6-11/10)</b>	3200	1026	4226
<b>2016 (6/6-14/10)</b>	3933	2618	6551

<b>Hellstuguvassosen</b>	<b>Inn</b>	<b>Ut</b>	<b>Totalt</b>
<b>2016 (15/6-14/10)</b>	1326	1194	2520

<b>Mørkridsdalen</b>	<b>Inn</b>	<b>Ut</b>	<b>Totalt</b>
<b>2016 (28/6-26/10)</b>	2484	2213	4697

I tillegg har forvaltninga foreteke ei brukarundersøkjing blant publikum i Breheimen, som vi i SNO for det meste har drifta . Dette har foregått ved hjelp av nokre kasser, der spørjeskjema låg til utfylling (figur 15). Data frå undersøkinga er no til behandling, og vi ventar ein rapport på dette i nær framtid.



Figur 15. Kasse til brukarundersøkinga og ferdselsteljar i Mørkridsdalen (raud ring)

#### *Utviklingsstrekksutfordringar – forslag til oppfølging*

- Følgje opp undersøkingane frå 2016 og besøksstrategien som nasjonalparkstyret utarbeidar.

#### **2.2. Bevaringsmål - strukturert befaring**

SNO følgde opp målingane på slåttengene i Mørkridsdalen etter bestilling frå nasjonalparkstyret også i 2016, sjå eigen rapport om dette. Konklusjonane i rapporten er:

1. Arealet av slåttengjerdet på Knivabakkgjerdet har auka i år, arealet på Dulsete er like stort: *god måloppnåing*.

2. Beitepresset har vore høgt i begge engene også i år. Særleg slåttegjerdet på Dulsete får tilførsel av mykje husdyrgjødsel. Det er usikkert om dette har påverka artsamansetjinga negativt. Viser til skjøtselplanen for Mørkridsdalen for artslist og vurdering av tilstand og trugslar på dette: *usikker måloppnåing*.
3. Problemarten tyrihjelm har minka på Knivabakkgjerdet. Bekjempinga av tistalar går trengt og er ikkje kvantifisert gjennom teljing, men det er lite sansynleg at talet har gått opp. Sølvbunke har minka tydeleg i høve til starten av slåttearbeidet: *Middels til god måloppnåing*.

#### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

- Følg opp skjøtselsplanen med målbare bevaringsmål og god metode for overvaking av engene
- Ta i bruk det nye databasesystemet NatStat og NatReg (naturregistrering).

### **2.3. Artsobservasjoner**

SNO registrerer heile tida artar tilfeldig når me er ute i felt. Observasjonane vert lagt inn i databasen Artsobservasjoner.

Det har vorte gjort fleire observasjonar av fjellrev på Sognefjellet i sommar, ein rev har hatt øyremerke, figur 16. Ei fjellrevtispe vart påkøyrd 21.oktober, figur 17.



Figur 16. Fjellrev med øyremerke på Sognefjellsvegen.



Figur 17. Påkøyrd fjellrevtispe i vegen like ved Sognefjellshytta.


#### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

- Følgje med på fjellreven og prøve å finne hiplassar, men vere påpasseleg med å ikkje uroe den i ynglingstida.
- Halde fram med å registrere i Artsobservasjoner

## 2.4. Bestandsregistrering rovvilt

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar ein del arbeidstid på dette, sjå figur 2 og 4, og overvåkinga medfører mange besøk i store delar av verneområda, figur 18. Rovviltregistreringar vert rapportert gjennom rovbasen som har eigen innsynsløysing.

Vi har halde fram bruken av viltkamera for å forenkle registreringa av yngling. I år har dette bidrige til å få dokumentert yngling, som vi elles hadde måtte vore inne på barmark for å få status på. I Breheimen fann vi 1 ynglehi av jerv i vår, dette vart dokumentert ved hjelp av viltkamera (figur 19).



Figur 18. Oversikt over GPS-spor frå bestandsregistrering av jerv. Samla oversikt frå alle i SNO.



Figur 19. Bilete av tispe som kjem med mat inn til hiet sitt.



Figur 20. Vi jobbar saman med rovvilktaktene på sporingsoppdrag, også i gråvær.


Innsamling av DNA frå jervskit er også ein viktig del av registreringsarbeidet. Dette er med på å slå fast kor mange forskjellige individ vi faktisk har i områda våre. Innsamling av DNA dokumenterte 5 ulike individ som har vore innom Luster. I tillegg avslører også enkelte sporrekker ulike individ, slik som den halte jerven som held seg mellom Utladalen og Lustrafjorden (figur 21).

SNO rovviltskjonen avliva ein jerv i inst i Mørkridsdalen og ein inst i Fortunsdalen (figur 22). I tillegg vart ein jerv avliva på lisensfelling i Mørkridsdalen.

Det er ikkje dokumentert tap av sau grunna jerv i Luster i 2016.



Figur 21. Denne halte jervetispa (ind. 3670) har lett gjenkjennelige spor. Den er ikke funne DNA av tidlegare, og er truleg framleis i live.



Figur 22. Denne gamle jervetispa (ind. 284) som vart felt på lisensjakt i Mørkridsdalen hadde store skadar.

Overvåking av kongeørn har vore vidareført i 2016. Det er ikkje funne hekkande kongeørn innanfor Breheimen og tilgrensande verneområde, men det er gjort observasjonar av kongeørn i områda som vert lagt inn i Artsobs. To lam er dokumentert drept av kongørn.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- Registrere jervyngling, samle dna og registrere kongeørnhekking som tidlegare år
- Følgje med på fjellreven

## **2.5. Kulturminne**

SNO – Luster har fått fagansvar for kulturminne i Sogn og Fjordane (i tillegg til fagansvar på myrrestaurering og bevaringsmålarbeid. Dette inneber arbeid med kulturminne i heile fylket. Det er sendt inn dokumentasjon til kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune på to uregistrerte kulturminne i Mørkridsdalen (Tjødnabakken og Råsane).

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- Registrere kulturminne i fjellet
- Arrangere fellesdugnad i regionen, sjå årsrapport til fylkesmannen/fylkeskommunen

## **2.6. Snøskredvarsling**

SNO - Luster har delteke i arbeidet med å samle data i felt til snøskredvarskinga i regi av NVE. Data vert registrert og sendt inn i felt og vert gjort samtidig som ein er på andre oppdrag (jerveregistrering, motorferdselskontrollar m.m.)

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging.*

- Halde fram å registrera

## **2.7. Registrering av tekniske installasjonar**

Det er gjort eit arbeid med å registrere alle bygningar i Vigdalén på same skjema som vart brukt i Skjåk og Lom i fjor. Det var ein student frå Høgskulen i Nord Trøndelag som var på praksisarbeid som gjorde målingane. Data skal leggast inn i Verneområdeloggen av SNO

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging.*

- Fortsetja registreringa og legge dette inn i verneområdeloggen. Vurdere tenestekjøp på dette.

## **2.8. Tilsyn varderekkje Sognefjellet**

SNO -Skjåk har ei bestilling frå Oppland fylkeskommune på tilsyn på den gamle varderekkja som går over Sognefjellet. Hovudsakleg går dette på å sjekke over desse mot øydeleggjing og fjerning av nyvardar i nærleiken av dei gamle.

## **3. Tiltak**

### **3.1. Naturskader**

I oktober førde kraftig regnver til at det gjekk fleire skred i Mørkridsdalen. Eit stort skred dekka 3,3 mål av slåttemarka på Knivabakkgjerdet, og elva på Dalen tok nytt løp over stølsvollen (figur 23, 24).



Figur 23. "Jerve" på Knivabakkgjerdet.



Figur 24. Sveidøla har teke nytt løp på Dalen.

Nasjonalparkforvaltinga arrangerte synfaring med SNO, grunneigarar og NVE, og alt vart lagt til rette for å gjøre utbetrande tiltak i Dalen før snøen kom, men problem med å få tak i gravemaskin gjorde at tiltaket vart utsett til 2017.

**Slettet:** Det vart

Anbefalte oppfølgingspunkt:

- Gjennomføre rydding på Knivabakkjerdet
- Tette holet i elveløpet på Dalen

### **3.2. Rydding i regi av SNO**

#### **3.2.1. Rydding i Mørkridsdalen**

SNO har rydda lauvenga rundt dei styva almetrea på Kodlhaug i Mørkri, og slåttenga på Grasøy nedst i Mørkridsdalen. På Knivabakkjerdet har SNO fjerna tistel i slåttenga. Det er også fjerna enkelte grantre som står vanskeleg til i Mørkridsdalen, bl.a. rundt drivandefossen og Dalen (figur 25-28).



Figur 25. Granfjerning rundt fossesprutsona i Drivandefossen var utfordrande.



Figur 26. Trass i mange år med slått av tistel to gonger i sesongen, så var det mange tistlar i år.



Figur 27. Slått av lauvenga på Kodlhaug i Mørkridsdalen



Figur 28. Slått av slåttenga på Grasøy i Mørkridsdalen.

### 3.3. Tiltak frå bestillingsdialogen

Pengebruk frå bestillingsdialogen vert rapportert av nasjonalparkforvaltaren ( i ESS).

#### 3.3.1. Rydding av gran på Berget i Mørkridsdalen

Granhogsten vart gjennomført av Skjolden bygdeservice. Trea vart hogd og brent rundt stolshuset, medan trea nordvest for stølen berre vart felt (figur 29). Det stod att nokre tre lenger nede ved stølsstien som også vart felt.



Figur 29. Fjerning av gran på Berget.



### *3.3.2. Slått og haustbeite i Mørkridsdalen*

Slått på Knivabakkjerdet gjennomført som tidlegare år, men på Dulsete vart slåtten avlyst på grunn av at alt graset var nedbeita av storfe, figur 30. El-gjerdet vart ikkje brukt slik at det var ingen vits i å bruke pengar på slåtten, sjå figur 30.

Haustbeitet på Knivabakkli er gjennomført som før. Over 100 klipte sauер gjekk på haustbeite frå midten av september til snøen kom i starten av november.

Elles viser det godt att etter mange beitedyr heilt frå Hødnevollen til Fossen.



*Figur 30. Det var ingen vits i å bruke pengar på slått på Dulsete i år då slåttemarka var snaubeita av kyr. Foto frå tidleg august.*



*Figur 31. Knivabakkjerdet november viser at mykje oretre er fjerna og at marka er godt nedåtbeita.*

### *3.3.3. Hogst av gråor på Knivabakkjerdet*

Det vart rydda vekk ein god del oreskog langs elva på Knivabakkjerdet, og oreskog som stod inne på slåttegjerdet. Det var også hogge skog på andre sida av elva slik at det vart god utsikt mot slåttegjerdet, sjå figur 31.

### *3.3.4. Utbetring av stiar i Mørkridsdalen*

I 2016 har det vore utbetring av stien mellom Osen og Fast og klopplegging ved Dulsete (figur 32, 33). Mellom Osen og fast har det vore rydda i regi av Skjolden bygdeservice. Ved Fast er det lagt ut nokre klopper. DNT har vore ansvarleg for det (figur 34, 35). Mellom Rebnisli og Skåri er det utført utbetningsarbeid på eit parti. Arbeidet er utført av grunneigar og Sherpaer, sjå figur 36, 37).



Figur 32. Tunge tak med klopplegging



Figur 33. Resultatet vart bra!



Figur 34. Rydding av sti langs Åsetevatnet.



Figur 35. Nye bruver på Fast.



Figur 36. Sherpaer brukar lokal stein



Figur 37. Ferdig resultat

### 3.3.5. Fjerning av tistlar på Dalen

Grunneigarane fjerna tistlar på elvesletta på Dalen. I 2014 var det ekstremt mykje tistel der (figur 38). Tistlane vart fjerna med ljå i juli, og dei rakk ikkje å setje å bløme denne sesongen (figur 39).



Figur 38. Svært mykje tistel på dalen i 2015.



Figur 39. Etter tiltak i 2016.

#### Utviklingstrekk/utfordringar i Mørkridsdalen LVO

- Skjøtselen i Mørkridsdalen må halde fram. Det er viktig at motiverte grunneigarar vert følgd opp. Planlegge nye tiltak i trå med ny skjøtselsplan
- Slått på Dulsete, Knivabakkjerdet og haustbeiting på Knivabakkli som tidlegare. Finne god løysing for haustbeite på Dulsete.
- Utbetring av stien før Knivabakkjerdet og mellom Knivabakkli og Liane
- Utbetre meir av stien stølsstien frå Rebnisli til Myri.
- Fullføre ryddeprosjekt etter flaum på Knivabakkjerdet og Dalen
- Fullføre hengebrua på Knivabakkli
- SNO skal fjerne fleire enkeltgraner om dei dukkar opp i verneområdet.

#### **3.3.6. Framande artar - *Contorta/Amerikansk vrifuru***

Også i år har vi gjennomført ein dugnad på uttak av *Contorta* i Tundradalen. Det vart kjørt fram massevirke frå hoggingane i 2014 og 2015, og dette var 70 kubikkmeter. Det vart bestemt at virket som vart hogd i år ikkje skulle køyrast fram, delvis fordi at ein god del av trea ikkje er store nok for levering til massevirke. På årets dugnad deltok det 4 stk frå SNO, og vi hogde ned trea og kvista dei for at dei fortare skal gå attende til naturen.

#### *Utviklingstrekk og oppfølging neste år*

Nasjonalparkstyret ynskjer å setje av midlar til å leie inn ein ekstern entrepenør for å sluttføre jobben som vi har begynt på. Vi må inn å registrere arealet som har vorte hogd av oss og det som står att, samt inn og kontrollere etter at tiltaket er utført.

## **3.4. Skjøtsel i Vigdalen**

### **3.4.1. Rydding av steingarde**

Vigdalen grendalag hadde ryddedugnad også i 2016. Det var godt frammøte og dei fekk rydda mykje rundt steingarden frå Li-Hans fjøsen ned mot DNT-stien.

### **3.4.2. Beiteprosjekt**

Ein grunneigar gjennomførde beiteprosjekt nedanfor Vigdalsstølen. Området der det var fjerna gran vart beita med sau, storfe og hest for å hindre oppskyting av ny skog. Det var brukt el-gjerde som vart teke ned i oktober (figur 39, 40).

### **3.4.3. Granhogst**

Det har vore hogge ein del gran nedanfor Vigdalsstølen. Granstokkane vart frakta ned til gardane på vinterføre, og hogstavfallet vart brent.

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Gjengroing trugar verneverdiane i Vigdalen, og spreiling av gran har vore den største trugselen. Prosessen med å fjerne stor gran bør halde fram i 2016. Det bør vere styrt beiting på områda som er rydda for å hindre at det kjem opp att med ein gong.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

- Hogging av meir gran i kombinasjon med informasjonstiltak
- Halde oppe beitepresset gjennom beiteprosjekt



Figur 39. Beiting med hest etter granhogst.



Figur 40. Sauebeiting og el.gjerde nedom Vigdalsstølen.

### **3.5. Skjøtselsplan for Mørkridsdalen og Mysubyta**

SNO har bistått arbeidet med skjøtselsplan for Mørkridsdalen og Mysubyta og mal for store samanhengande kulturlandskap. SNO har vore med på synfaringar, feltarbeid, møter og også bidrege inn mot arbeidet med malen.

### **3.6. Tiltak i Dumdalen**

I Dumdalen har vi gjort en del tiltak i forhold til grottene. Med forvalningsplanen kom også begrensingane i bruken av nokre av grottene. Dette i medhald av at grottene er ei raudlista naturtype som vi er sett til å ta vare på, og som er spesielt nemnt i verneforskrifta for Breheimen. Vi har starta opprenskinga av fremmedelement i grottene, men fekk ikkje teke alt pga at hausten med kuldegrader og ising gjorde arbeidet svært krevjande. Vi fekk difor teke berre Spiralgrotta i første omgang. Vi tok ut alt av gammalt tauverk og trestigar, dette la vi til oppå ein haug så vi tek det ned på vinterføre (figur 41, 42). Vi sette opp skilt utanfor inngangen som fortel om at alle framandelement er fjerna og at ferdsel i grotta kan vere farleg.

#### *Utfordringar / oppfølging neste år*

Ta tak i dei andre grottene som inneholdt framandelement, og fjerne dette, samt oppsetjing av skilt ved kvar enkelt grotte som fortel om begrensingane i bruken.



Figur 41. Fjerning av tauverk.



Figur 42. Trestige som vart fjerna.



**11.januar 2017**

**Liv Byrkjeland og Øyvind Angard**